

Tone og Tor Skræi
Fyresdalsvegen 1690
3870 Fyresdal

Fyresdal 02.09.2022

Fyresdal Kommune
Klokkarhammaren 6
3870 Fyresdal

Endring søknad om oppsetting av driftshytte på gamal støyl.

Ref./søknad 2021/1199

Mi er eigarar av Lie, gnr. 88/1, i Liegrend. Eigedomen går frå garden og vidare oppover lia og innover heia heilt til innunder Berrfjell. Inne på heia ligg Stemtjønn som eigendoms grensa går over, og ved Stemtjønn har det vore ein gamal støyl tilhøyrande Lie med namnet Stemstøyl.

Stemstøyl var den gjævaste støylen til garden og vart bygd i 1802 av Sigurd Lie. I dag ser ein kun restar av bua samt holdesteinar.

Som dagens eigarar ynskjer mi å kunne få sett opp att ei hytte der den gamle støylen låg.

Det mest hensikts messig er å bygge på eit tomt som ligg rett sida der gamle støylsbua låg. Det er mykje meir egna som tomt for oppsetting driftshytte.

Tomta Stemstøyl stod på er ein forholdsvis liten voll i ein bratt skråning opp frå Stemtjønn, bua var rundt 10m2 syner tuftene. Ved sida av tomta er det forholdsvis blaut og myrete.

Dette vil styrke garden Lie som driv med jakt og hytteutleige. Hytta vil bli brukt til utleige og eigen bruk.

Dei fleste som leiger jakt vil gjerne ha ei hytte som ligg på heia og meir midt i jakt terrenget. Oppsetting av ny hytte på heia ville gjere det enklare å få leige ut, samt styrke grunnlaget for ein høgare pris på utleige.

På bakgrunn av ovanforståande opplysningar tillét mi oss herved å søkje om å sette opp ei ny hytte ved Stemstøyl på Lieheia. Syner elles til vedlagte kart som viser gamal tomt og tenkt ny plassering av hytte, samt gamal historie om Stemstøyl.

Med helsing

Tone og Tor Skræi

Tone Skræi